



Appell frå soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen

**Komande haust skal det veljast nytt sokneråd. Soknerådsvala vert no avvikla samstundes med kommune- og fylkestingsval. I samband med soknerådsvalet har vi motteke følgjande appell frå noverande soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen:**

### APPELL til bygdefolket i Uskedalen

I Uskedalen er vi ca 750 personar som er valbare til soknerådsvalet som skal skje i september. Det vil seie, 750 personar som er over 18 år, som er døypte (medlemar i kyrkja), og som er folkeregistrerte i Uskedalen. Uskedalen treng at 11 av desse kan stille på lista til soknerådsvalet. Vi i valnemnda har no prøvd å ringe ca 100 personar, men har ikkje lukkast med å få nokon av desse med.

Då eg sjølv vart vald inn i rådet for 6 år sidan, så visste eg faktisk ingenting om kva dette eigentleg gjekk ut på. Eg lure på om dette kanskje gjeld for dei fleste av dåke andre sjuhundreogfemti også? Og det eg då kan seie om arbeidet i soknerådet, er at det er særst interessant og utruleg kjekt! Eg har lært mykje, det er kjekt å kunne vere med å påverka, og det er kjekt å kunne bidra til at folket kjenner seg velkomne i kyrkja – at dørstokken der ikkje er høg og at det er ein plass det er naturleg for ALLE å gå når dei ønskjer det. Enten det er i glede eller i sorg, til ei vanleg gudsteneste, til ein salmesongkveld, eller til ein av konsertane som vert haldne i kyrkja.

Vi har flotte personar som er fast tilsette for kyrkja vår i Uskedalen; Lina Håland, ein ung og dyktig prest som skapar variasjon og gjer gudstenestene interessante, vi har Oddbjørg Heimark som vi alle kjenner etter at ho har hatt mange års teneste for oss i Uskedalen, Eva Megyesi er ein utruleg dyktig musikar og strålande person, og vi har Magne Eik som er kyrkjetenar og gjer ein samvitsfull og stor jobb for Uskedal kyrkje. Vidare så har vi Toril Langeland og Jan Ove Fagerheim på kyrkjekontoret, som begge er svært lette å kontakte når det er noko vi treng hjelp til. Og vi har vår nye kyrkjevevjer Erlingur Nielsson, som også både er særst dyktig og lett å kontakte. Alle desse personane samarbeidar soknerådet med, og dei gjer ein flott jobb for oss i Uskedalen.

Det er ikkje lett "å ringe rundt" for å spørje folk om å stille som bidragsytarar, det veit vi alle som jobbar dugnad

for bygda – og har prøvd dette. Så difor denne appellen.

Dersom det er nokon av dåke som vi allereie har ringt som likevel kan vere med, så ta kontakt. Dersom det er nokon av dåke andre sekshundreogfemti som vi ikkje har ringt, som vil vere med – så blir vi veldig glade om de ringer oss i valnemnda:

- Eva Reime Ljosnes 957 68194,
- Ove Myhre 992 12607
- Møyfrid Kristoffersen 906 06517

Fristen for å stille liste er 1.mai, så dette hastar !

Musland, 6.april 2015

Vennleg helsing  
for Uskedal sokneråd  
Møyfrid Kristoffersen

Foto: Ola Matti Mathisen  
Nett: Thor Inge Døssland